



Steinar Moldal



Dagl. I. i Senter for bygdekultur Helle Hundevadt



Jon Suul



Jon Bojer Godal



Omvising i treskjeringsalen under seminaret

TEKST OG FOTO: MATHIAS ØVSTENG

Dette var ei av utsegnene til kulturvernkrigar Sjur Harby under årets Hjerleidseminar, som hadde folk frå offentleg kulturminnevern som ei viktig målgruppe. Gjennom sitt foredrag diskuterte han det han kalla «mangelen på debatt og den kvelende enigheten i frivillig kulturminnevern», med klar adresse til ansvarlege styresmakter. Han trekte fram fleire eksempel på saker der ansvarlege politikarar på riksplenet gir uttrykk for at det berre er å diskutere og debattere – men «jegg har bestemt meg, uansett». Kulturforvaltninga slik den blir praktisert, er ingen garanti for vern, sa Harby, som kunne konstatere at kulturvern og kulturarv er på dagsordenen nærmast over alt. Problemet er at den reelle debatten og dei praktiske konsekvensane av alle fagre ord ofte uteblir. Kunnskap forvitrar i vår tid, sa Harby, som peikte på det «å kunne» og ikkje berre «vite» som ein grunnleggjande humanistisk verdi.

Jon Bojer Godal frå Husasnotra og Geitbåtmuseet i Halså på Nordmøre drøfta ulike sider ved kompetansespråk og evna til å kommunisere i samband med bestilling og utføring av restaurering – eit sentralt tema for årets Hjerleidseminar. «Vi har alle ulik oppfatning av omgrepet verdi, og vi vil helst sjå det vi likar», sa han. At kompetansespråket mellom handverkarar, byggeigarar og offentleg forvaltning finst, er ein realitet vi i og for seg berre må akseptere, meinte Godal, som likevel la stor vekt på ansvaret som ligg på styresmaktene når det gjeld å forstå den store skilnaden mellom «omtala kvalitet» og «opplevd kvalitet». Bygningsvern er å vinne kunnskap. Det betyr at utdanninga på dette fagområdet må inkludere forskning og øving gjennom tverrfagleg samhandling. Utan ei slik grunnhaldning kan bygningsvernet bli det reine hærverket, sa Godal.

«**Den norske bygningsarven** er i ferd med å råtne, det trengs en tidobling av bevilgningene», var temaet for foredraget til Grete Horntvedt frå Norsk Kulturarv. Ho kommenterte den store spennvidda norske kulturminne representarar, og det ansvaret samfunnet har for å ta vare på desse verdiane. I ein fersk rapport frå Riksrevisjonen blir det påpeikt at Miljøverndepartementet ikkje følgjer

«Vi blir rikere og rikere, og kulturminner raseres i høyt tempo»



Sjur Harby

opp sitt overordna ansvar for verneverdige og freda bygningar. I dette perspektivet er det særleg interessant å leggje merke til den store samfunnsøkonomiske verdiskapinga som ligg i å investere nettopp i vedlikehald og bruk av ulike kulturminne. Forsiktig rekna kan vi anta at berre dei som er med i Norsk Kulturarvs profileringsprogram, generer rundt 2,5 milliardar samfunnskroner, sa Horntvedt.

Jon Suul frå Kulturminnefondet på Røros orienterte om korleis midlane i fondet best kan brukast etter intensjonen. Kulturminnefondet er det einaste i sitt slag i Europa, og han informerte om satsingsområda til fondet, som pr. dato disponerer 1,4 mrd. I forhold til dagens renterammer er den årlege utbetalinga rundt 50 mill. – og søknadsmassen representerer rundt 450 mill. Suul antok at Kulturminnefondet ville ha engasjert seg i 1200 prosjekt i løpet av 2010, og peikte på den store utfordringa som ligg i oppfølging av alle tiltaka som har fått midlar. Suul reflekterte også over framtida i lys av forventa låg rentesats på avsette fondsmidlar. Han inviterte elles til å ta kontakt med fondet for råd og utveksling av synspunkt når det gjeld ulike søknader.

Denne omtalen er basert på første dag av seminaret. Andre innleiarar under seminaret var Siv Nytrøen Leden (Riksantikvaren), Kjell Hølmo (landbruksrådgjevar i Vågå og Sel kommunar), Elin-Marit Angard (kyrkjeverje i Dovre) og Tore Sønju (Buskerud bygningsvernssenter). Steinar Moldal, Jon Bojer Godal, Tore Røberghagen og Roald Renmælmo presenterte fleire modellar for utdanning i bygningsvern, og eksemplifisering av spesielt utfordrande enkelt saker i samband med restaurering og vern.